



Arkivnr: 2014/13889-151

Saksbehandlar: Even Vaular

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		24.09.2019

### Budsjettjustering september 2019

#### Samandrag

I FTU-budsjettet for 2019 ligg det an til eit mindreforbruk på fleire budsjettpostar. Største mindreforbruk kjem på tilskotsordninga for lokale trafikksikringsarrangement. For andre budsjettpostar vil det verta klart i løpet av hausten om det vert eit mindreforbruk. Fylkesrådmannen kjem med ei tilråding til ny disponering av desse midlane.

**Økonomi:** Budsjettjusteringa skjer innanfor fastsett budsjett for FTU og har såleis ikkje økonomiske verknadar.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

#### Forslag til vedtak

Mindreforbruket på FTU-budsjett for 2019 vert nytta etablering og utprøving av ny fartsdempande teknologi (Actibump) i Bergen kommune. Resterande mindreforbruk vert nytta til innkjøp av refleksar.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 09.09.2019

### Mindreforbruk

Det er venta mindreforbruk på FTU-budsjettet for 2019. Største mindreforbruk kjem på *tilskotsordninga for lokale trafikksikringsarrangement*. Her vart det sett av 1,6 mill. kr. for 2019. Så framft FTU følgjer fylkesrådmannen sitt framlegg til vedtak i tredje og siste tildeling frå ordninga, vil det etter tildeling vera eit mindreforbruk på om lag kr. 490.000.

For nokre andre postar på budsjettet er det sannsynleg at vert noko mindreforbruk. Det er sett av kr. 90.000 til *kurs, fagdagar og konferansar for kommunane*. Det skal kunna dekkja både Trafikksikkerheitskonferansen i Hordaland og ein fagdag, der ein fagdag for Hjertesone er det mest aktuelle. Denne fagdagen vert ikkje halde før til neste år.

På budsjettposten «*Trafikksikker kommune*» er det sett av kr. 75.000 som skal gå til Kvam herad når dei vert godkjent som Trafikksikker kommune. Godkjenninga vert truleg lagt til våren 2020, i samband med planlagt handsaming av ny trafikksikkerheitsplan. Det betyr at midlane kan nyttast til eit anna føremål i år. Eit tilsvarande beløp må då inn på 2020-budsjettet.

Det vart sett av kr. 100.000 på *diverse*-posten på 2019-budsjettet. Her har ein mellom anna dekt annonseringa av tilskotsordningane. Posten vart løyvd opp frå kr. 50.000 i 2018, då utgiftene til annonsering gav meirforbruk. Det vil likevel truleg vera nokre midlar att på denne posten etter annonsering av tilskotsordningar for 2020.

### Meirforbruk

Det er ikkje noko som tilseier at det vert meirforbruk på nokon av budsjettpostane.

### Behov

Fylkesrådmannen vil tilrå at mindreforbruket på FTU-budsjettet for 2019 vert nytta til to føremål:

- Utprøving av trafikksystemet Actibump (sjå eiga referatsak), med installasjon av eit demoanlegg på Fv585 Nattlandsveien i Bergen kommune.
  - o Det er inngått avtale med leverandøren Edeva AB om etablering av to stykk Actibump. Estimert kostnad for innkjøp og installasjon er på om lag ein halv million kroner.
- Innkjøp av fleire refleksar
  - o Det er delt ut mange refleksar så langt i 2019. No går me inn i «mørketida» og det er behov for påfyll av refleksar. Fylkesrådmannen vil tilrå at alt mindreforbruk som ikkje går til Actibump vert nytta til innkjøp av refleksar.